

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/6-1

Festivalstrategi

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet ber om at det vert utarbeidd ein festivalstrategi for Sogn og Fjordane. Formelt vert strategien ein del av framtidig regional plan for kultur.
2. Hovudutvalet legg til grunn at festivalar og kommunar vert involvert i arbeidet.
3. Festivalstrategien vert lagt fram for hovudutval for næring og kultur i mai 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i juni 2017.

Vedlegg:

1. Brev av 21.12.2015 frå Kulturdepartementet
2. Retningslinjer for kulturfondets tilskuddsordning for musikkfestivaler

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Ordninga med knutepunktfestivalar som får sine årlege tilskot over statsbudsjettet er avvikla, og Stortinget har gitt Norsk Kulturråd i oppdrag å etablere ny ordning der heile festivalfeltet vert sett i samanheng, jf vedlegg 1.

Norsk kulturråd har vedteke ny ordning for festivalstøtte på sitt rådsmøte i 14.12.2016, jf vedlegg 2. Ny ordning vert gjort gjeldande frå og med 2018, med søknadsfrist primo juni 2017.

Festivalar som ønskjer å søkje tilskot for meir enn eitt år om gongen, må ha på plass intensjonsavtale dei aktuelle kommunar/fylkeskommunar før dei kan søkje kulturrådet om tilskot.

På denne bakgrunn vurderer fylkesdirektøren at det kan vere føremålstenleg å utarbeide ein eigen festivalstrategi for fylket der fylkeskommunen klargjer sin posisjon for framtidige prioriteringar og moglege avtaler. Strategien vil gå inn som del av den regionale kulturplanen som skal utarbeidast i løpet av 2017 og 2018.

2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane har hatt to knutepunktfestivalar innan musikkfeltet; Førdefestivalen (knutepunkt frå 2005) og Norsk Countrytreff (knutepunkt frå 2011).

For Førdefestivalen sin del vart det etablert ei finansieringsavtale mellom departementet, Førde kommune og fylkeskommunen; jf FT-sak 50/04. Her forplikta stat (60%), fylkeskommune (30%) og kommunen (10%) seg på denne %-fordeling av det samla offentlege tilskotet, basert på staten sitt årlege tilskot. Departementet har i sitt brev av 21.12.2015 sagt opp denne avtalen med verknad 30.06.2017, jf vedlegg 1.

Då Norsk Countrytreff kom inn på lista over knutepunktfestivalar, viste departementet til Stortinget sitt vedtak på %-fordeling mellom stat 60% og fylkeskommune/kommune 40%, og la dette til grunn for sitt tilskot. Ut frå dette vart det ikkje inngått avtale mellom Gloppen kommune og fylkeskommunen, men modellen som var nytta for Førdefestivalen vart lagt til grunn for fordelinga av tilskot mellom Gloppen kommune (10%) og fylkeskommunen (30%) i høve Norsk Countrytreff.

Etter at heile festivalfeltet vart overført til Norsk Kulturråd, har rådet no utarbeidd og vedteke nye retningslinjer for tilskot til musikkfestivalar, jf vedlegg 2.

Retningslinjene gjer greie for føremål med ordninga, kva festivalar som kan få tilskot, krav til søknaden, kva kulturrådet vil legge vekt på ved vurdering av søknadane, m.m. Det som er verdt å merkje seg, er at kulturrådet i retningslinjene slår fast i § 2 at dei vil prioritere festivalar som får tilskot frå eigen region (fylkeskommune og kommune), vidare at dei i § 3 Krav til søknaden m.a. skriv:

For søknad om tilskudd for inntil fem år, må festivalen kunne vise til intensjonsavtale med definert prosentfordeling mellom festival og regionalt nivå. Krav til regionens andel vil være 40 % av det samlede tilskuddet, og fondets andel 60 %. For Nord-Norge vil det være en fordeling 30/70. For søknad om tilskudd av inntil tre år må festivalen kunne vise til en intensjonsavtale om langsiktig tilskudd fra egen region, men uten krav til en fast prosentvis fordeling. For festivaler som søker ettårige tilskudd vil det, som del av en helhetsvurdering, normalt gis prioritet til festivaler med tilskudd fra egen region. Kulturrådet stiller ikke krav om kommunal og fylkeskommunal styrerepresentasjon.

Fylket har mange musikkfestivalar. Fleire av desse søker både fylkeskommunen og kulturrådet om støtte. Eit av argumenta Stortinget la til grunn då dei vedtok å føre over knutepunktfestivalane til kulturrådet, var at rådet då kunne utvikle ein meir heilskapleg nasjonal festivalpolitikk, og der ein også kunne sjå festivalstøtte i samanheng med andre tilskotsordningar som kulturrådet alt hadde, t.d. arrangørstøtteordninga. Omlegginga sentralt utfordrar også fylkeskommunen sine ordningar/prioriteringar.

3. Vurderingar og konsekvensar

I Sogn og Fjordane har vi i tillegg til dei to tidlegare knutepunktfestivalane fleire festivalar som søker både fylkeskommunen og Norsk kulturråd om støtte, og som vil vere omfatta av den nye ordninga. Med tanke på dei utfordringar fylkeskommunen vil møte når det gjeld framtidige tilskot til musikkfestivalar, er det fylkesdirektøren si vurdering at dette kan løysast gjennom ein enkel, kortfatta festivalstrategi der fylkeskommunen kan slå fast sine prioriteringar, evne/vilje til medfinansiering, m.m. Ettersom det her kan vere snakk om å inngå fleirårige avtaler, vil det vere fylkestinget som kan ta stilling til dette. Hovudutvalet førebur saka for fylkestinget.

Festivalane kan søkje kulturrådet om årleg støtte, eller dei kan søkje om tilskot for inntil tre år eller inntil fem år. For å kunne søkje om tilskot inntil fem år, må dei kunne vise til intensjonsavtale med kommune/fylkeskommune om ei %-fordeling på 60% stat og 40% kommune/fylkeskommune; dvs same ordning som for dei tidlegare knutepunktfestivalane. Også for treårige tilskot må festivalane kunne vise til intensjonsavtale med kommune/fylkeskommune, men der er det ikkje fastsett fordelingsnøkkel.

Kulturrådet seier også i sine retningslinjer at ein festival ikkje kan søke om auke i løyvinga som er gitt innan ein fleirårig periode, altså er det tilskotsnivået som vert etablert ved første gongs handsaming/løyving som vil vere gjeldande for perioden. Dette betyr igjen at det vil ligge eit meir føreseieleg nivå til grunn også for det fylkeskommunen og kommunen skal bidra med i perioden. Samstundes vidarefører kulturrådet praksis med at ein reduksjon i lokalt/regionalt tilskot vil føre til reduksjon i det statlege tilskotet.

Det at festivalane no må avklare med sine kommunar/fylkeskommunar på førehand, og det at eit etablert nivå ligg fast i perioden, er etter fylkesdirektøren si vurdering ei positiv endring sett frå fylkeskommunen si side. Vi avklarar på førehand lokalt/regionalt, og kan såleis i større grad vere med og legge premissane for satsingane i eige område.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fylkeskommunen nyttar i dag følgjande summar i festivalstøtte (tilsaman 5 320 000):

Førdefestivalen	3 410 000 (2017)
Norsk Countrytreff	910 000 (2017)
Balejazz	150 000 (2016)
Utkant	50 000 (2016)
Målrock	40 000 (2016)
Teaterfestivalen i Fjaler	75 000 (2016)
Nynorske litteraturdagar	75 000 (2016)
Gloppen musikkfest (drift+utvikling)	260 000 (2016)
Andre festivalar/spel*)	350 000 (2016)

**) i denne gruppa finn vi t.d. Jazz på Jølst, Vevringutstillinga, Kinnaspelet, Fres festival, m.m. – altså både festivalar og festivalliknande tiltak.*

Fylkesdirektøren minner om at vi i vedteken økonomiplan på programområde 772 Kunstproduksjon (Førdefestivalen, Norsk Countrytreff, Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane teater) har eit ufordelt innsparingskrav på 1 mill kroner frå og med 2018. Fylkesdirektøren held seg til denne utfordringa, og legg til grunn at vi skal løyse dei økonomiske konsekvensane knytt til ein festivalstrategi innan dei rammene som er gitt, slik at den strategien som vert utvikla i seg sjølv ikkje skal utløyse behov for auka ramme. Ein konsekvens av dette er at det må bli endringar og omfordelingar innan den samla ramma.

I retningslinene frå kulturrådet er det referert til musikkfestivalar. Kulturrådet gir også festivalstøtte innan scenekunst, litteratur, m.m., men då frå andre budsjettpostar. Kriteria for å få tilskot frå kulturrådet til andre uttryksformer vil ikkje vere særleg ulike dei som gjeld for musikkfestivalfeltet. Fylkesdirektøren vel difor å inkludere tiltak som teaterfestivalen i Fjaler og Nynorske litteraturdagar i Aurland i dette arbeidet i starten. Så vil prosessen vise om og ev kor langt dei vert med vidare. Andre tiltak kan komme til. I denne samanheng kan det også vere verd å vise til at både Gloppen Musikkfest og Teaterfestivalen i Fjaler har hatt to- og treårige tilskot frå kulturrådet allereie.

Kort om vilkåra for festivalstøtte frå kulturfondet

Dei fleste av søknadsvilkåra i retningslinene for tilskot frå kulturfondet er nokså like dei som knutepunktinstitusjonane tidlegare måtte forhalde seg til, men er no formulert noko meir konkret og presist. Nokre av vilkåra er tekne bort, t.d. å vere kunstnarleg leiande i sin sjanger, men det vert likevel lagt vekt på m.a. høg kvalitet og kunstnarleg eigenart. På denne måten vert det lagt til rette for meir konkurranse mellom festivalar innan same sjanger. I dei nye retningslinene er det lagt stor vekt på lokal og regional medfinansiering frå kommune og fylkeskommune, i tillegg til at festivalane må vere godt organisert og ha god økonomistyring. Det vert vidare stilt krav om rapportering, gjennomføringsevne, stabilitet og god ressursutnytting. Dette fører til at det berre er festivalar av ein viss storleik og med solid forankring lokalt og regionalt som vil kunne søkje om tilskot i ein 5-års periode. Fordelinga av tilskota på 1, 3 eller 5 år fører elles til at fleire festivalar får prøvd ut sitt konsept, dersom dei elles fyller søknadsvilkåra.

Den kulturpolitiske utfordringa

Festivalfeltet har utvikla seg til å bli ein sentral del av kultursatsingane på alle nivå. Satsingane har kunst- og kulturpolitiske grunngevingar. I tillegg kjem lokal- og regionalpolitiske grunngevingar, reiselivsmessige grunngevingar, lokal verdiskaping, m.m. Dei som arrangerer festivalar, må som regel planlegge og presentere eit program med store kostander før dei kjenner inntektssida, og den økonomiske risikoen kan vere stor. For arrangørane er det viktig å jobbe for føreseielege rammer for sitt arbeid. Det å vite at ein kan jobbe for å oppnå fleirårige avtaler/tilskot vil vere med å gi betre grunnlag for å utvikle spennande og innhaldsrikt program. Ei av fylkeskommunen sine lovpålagte oppgåver er å arbeide for føreseielege rammer for det aktive kulturlivet (kulturlova), og legge til rette for at alle skal kunne oppleve profesjonell kunst og kultur i eige lokalmiljø.

For fylkeskommunen sin del må vi sjå dette i samanheng med vår eigen kulturstrategi der vi kan knyte festivalfeltet opp mot både mål, strategiar og satsingsområde. Gjennom ein aktiv og medviten strategi kan vi også gi uttrykk for ambisjonar for festivalane, men også for den kulturpolitiske satsinga vi legg til grunn i eige fylke. Fylkesdirektøren vil streke under at vi har eit godt grunnlag å bygge på. Utfordringa vidare er å bidra til å løfte dei kreative og skapande kreftene vi har i fylket.

Plankonsekvensar

Fylkestinget har bestemt at det skal utarbeidast ein regional kulturstrategi. Dette arbeidet vil starte opp i 2017, men vert ikkje ferdigstilt før i 2018. Festivalstrategien må vedtakast av fylkestinget i juni 2017 med tanke på at den nye tilskotsordninga tek til å gjelde frå og med 2018, og med søknadsfrist juni 2017. Festivalane må då kunne vise til kva avtaler/ordningar dei har med sin kommune/fylkeskommune når det gjeld økonomisk tilskot. Når det no vert gjort ein jobb på festivalfeltet ser fylkesdirektøren det som naturleg at dette kan gå inn som del av den regionale kulturplanen.

Prosess

For å komme fram til ein festivalstrategi vil fylkesdirektøren legg opp til tett samarbeid med kommunar og festivalar. Som ledd i dette arbeidet vil fylkesdirektøren invitere til møte der den nye festivalstøtteordninga vert presentert, og der vi saman kan drøfte ordninga og korleis vi skal legge opp arbeidet framover. Også møter/drøftingar med enkeltfestivalar/kommunar vil inngå i dette arbeidet. Dette arbeidet er alt i gang på bakgrunn av innspel utanfrå.

Proessen skal ende opp i ei politisk sak som avklarar fylkeskommunen sine ambisjonar om utviklinga av festivalfeltet i fylket (festivalstrategi), og som er grunnlag for kva type avtaler/bindingar fylkeskommunen kan gå inn på.

4. Konklusjon

På bakgrunn av utgreiinga rår fylkesdirektøren til at det vert sett i gang eit arbeid for å klargjere fylkeskommunen sin posisjon i høve nye retningslinjer for festivaltilskot frå kulturrådet. Arbeidet skal ende opp i ein eigen festivalstrategi, og vil inngå som del av ein framtidig regional kulturplan.